

Telemarkkonsertar i ny drakt!

Visjon.

Telemark skal vere i førarsetet av fylke når det gjeld å utvikle kunst- og kulturlivet som eit strategisk regionalt utviklingsområde. Kunst- og kulturområdet skal brukast aktivt for å utvikle engasjement, deltaking, kompetanse, mangfold og identitet og vere ein viktig innsats for å utvikle kulturprodukt og kulturattraksjonar som blir lagt merke til nasjonalt og internasjonalt.

Grunngjeving.

Telemark har historisk ei stekt stilling på mange kunst- og kulturområde og kan vise til store kunstnarar av nasjonalt og internasjonalt format på mange område. I tillegg kan Telemark også vise til lange og sterke tradisjonar i det folkelege kulturengasjementet og –aktiviteten. I dagens Telemark er dette engasjementet i høgste grad levande og bør stimulerast og oppmuntrast vidare og ikkje minst ved å få gode rammevilkår i framtida.

Telemark er eit av fylka i regionen som er ramma av ein ”utkantsprofil” som gir seg utslag i nedgang i folketalet. For å motverke dette må ein mellom anna styrke attraksjonskrafta til fylket. Den gode bustad og lokalsamfunn med gode sosiale relasjonar, med ein sterk skapartrang og med sterkt fokus på felles utfordringar og opplevingar vil i framtida kanskje vere det viktigaste insitamentet til vekst og framgang med attraksjonskraft.

Den andre store utfordringa i Telemark når det gjeld kunst og kulturområdet er at fylket får lita hjelp frå staten til å bygge sterke fagmiljø i form av utdannings- og kunstinstitusjonar. Dette er svært tydeleg på musikkområdet der statleg finansierte muskarstillingar er heilt fråverande (Vestfold har profesjonelt militærorkester, Vest-Agder og Rogaland har symfoniorkester). Med unntak av folkemusikkutdanning på Rauland har fylket heller ingen institusjonar som utdannar utøvarar på høgskule/universitetsnivå. Det er ei stor utfordring for fylket å kompensere for denne mangelen. Men det er neppe plass for fleire fullverdige orkester i Norge i dag. Eit alternativ for Telemark kan vere å bygge vidare på ein lett ensemblestruktur og få til eit spleiselag serleg med staten, men og med kommunar og andre for å kunne utvikle denne sektoren vidare.

Overordna mål

Telemark skal vere eit attraktivt fylke for kunstnarar å etablere seg, busette seg i og utvikle sitt daglege virke på kuns- og kulturområdet. Dette for å skape gode vekstvilkår for kunstområdet i den enkelte kommune og i fylkesregionen, som igjen skal vere med å utvikle høg kompetanse, gode sosiale relasjonar, eit godt og aktivt læringsmiljø, gode kulturtilbod over heile fylket. Målet er over tid å utvikle sterke kulturbaserte kompetansmiljø som grunnlag for næringsutvikling, kulturtilbod, gode bumiljø, identitet og regional profilering og på sikt sterke attraksjonar innan dette fagområdet.

Fylkeskommunen sin innsats på kunst- og kulturområdet skal i stor grad rettast inn mot desse målsettingane. Det vil vere ei viktig oppgave å skape gode rammer for samarbeid og samhandling mellom alle aktørane på området for å oppnå at både menneskelege og finansielle ressursar vert samordna og retta inn mot dette felles målet.

Ansvarsområde – strategi

Telemarkkonsertar vil vere ein sentral aktør for å nå dei skisserte måla. Telemarkkonsertar må difor legge til rette for eit mangfoldig tilbod som kan gje næringsgrunnlag for profesjonelle aktørar og samtidig inspirere amatørar på kunst og kulturfeltet. Skil Telemark hevde seg i kampen om ressurspersonar på kunst- og kulturområdet må ein ta i bruk alle verkemiddel som kan vere med å gje arbeid til kunstutdanna personar og autodidakte aktørar på kunst- og kulturområdet.

Arbeids- ansvarsområdet bør difor omfatte:

1. **Produksjon** av kunstforestillinger
2. **Distribusjon og formidling** av levande kunst.
3. Utvikle ei **ny muskarordning**
4. Utvikling av **profesjonelle og semiprofesjonelle ensemble/orkester**
5. Legge til rette for utvikling av **unge talent**
6. **Nettverksbygging** og nært samarbeid med aktørar på området.
7. **Opplæring** og seminar for ulike målgrupper.
8. Utvikle strategiar og opplegg for **entreprenørskap** på området.
9. Utvikle **arenaer** til framføring av kunstuttrykk.

1. Produksjon av musikk-/kunstforestillinger

Telemarkkonsertar bør ha eit overordna ansvar for å bygge opp fagleg produksjonskompetanse og sikre at denne kompetansen finns i fylket i framtida. Selskapet bør sjølv ha tilstrekkeleg produksjonskompetanse, men like viktig vil det vere å stimulere samarbeidspartar og andre aktørar til å utvikle slik kompetanse. Det bør vere eit mål at ensemble/orkester og andre sjølvstendige aktørar i størst muleg grad står for produksjon med eventuell støtte frå TK. Til produksjonsprosessen vil det og vere viktig å utvikle eit nært samarbeid med komponistar og fagfolk som bur i Telemark og som kan arrangere musikk til ulike formål innan fylkets musikkliv.

2. Distribusjon og formidling av levande kunst.

Telemarkkonsertar ha eit overordna ansvar for å sikre at alle deler av Telemark får eit rimeleg tilbod av konsertar/forestillinger og eit rimeleg mangfold av sjangrar. Vidare er det viktig at TK kan ta på seg eit koordineringsansvar av det regionale tilbodet for å sikre mangfold og rimeleg fordeling. Selskapet bør difor sikre seg at dei fleste offentlege produksjons- og distribusjonsaktørane er underlagt styret sitt ansvarsområde. Det er avgjerande viktig for ei god samordning at tilbodet til barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, institusjonar, ensemble/orkester, kveldsmarkedet og ulike samarbeidsproduksjonar er underlagt ein styringsstruktur. Synergieffekten ved å samordne å utnytte ressursane knytta til statlege, fylkeskommunale og lokale tiltak bør også vere ein viktig del av selskapet sitt ansvarsområde.

3. Utvikle ei ny muskarordning

Telemarkkonsertar AS vart oppretta som ei heileign fylkeskommunal distriktsmuskarordning. Utgangspunktet for etableringa vart at det skulle opprettast minimum 12 halve stillingar for å kunne produsere forestingar med nødvendig mangfold og variasjon. På slutten av -90 talet var ordninga oppe i 5 stillingsheimlar og har sidan blitt bygd ned då den ikkje vart operativ på same måten som planlagt. I 2000 vart det tatt initiativ å bygge den om og etablere ei meir fleksibel muskarordning med mindre stillingsheimlar som kunne varierast ut frå eit regionalt behov. Denne ordninga var tenkt som eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunar

og med både kommunale og regionale utøvingsoppgaver. 20 utøvarstillingar i tilsaman 2 årsverk vart nedfelt i musikkplanen "Musikk i Telemark" og vedtatt i 2005.

4. Utvikling av profesjonelle ensemble/orkester

Telemark har ein liten del av dei statleg finansierte utøvarstillingane (orkester, ensemble). Det er neppe aktuelt å opprette fleire profesjonelle orkester, men det bør vere legitimt å argumentere for større statleg innsats på denne sektoren ved å utvikle ein enklare og mindre ressurskrevande ensemblemodell, slik Telemark har satsa på. Ved å utvikle eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune, kommune og aktør vil ein kunne auke omfanget vesentleg for dei etablerte ensemble i Telemark. Ved å knytte ensemble tettare opp til dei kommunale kulturskulane og andre opplæringsinstitusjonar vil ein på ein funksjonell og systematisk måte vere med å utvikle fagkompetansen både på utøvings- og det pedagogiske området. Det vil gje langt større ringverknader enn om ein satsa berre på eit avgrensa område.

5. Utviklingsopplegg for unge talent

Telemark er dårleg stilt med utdanningstilbod innan kunstområdet. I tillegg er det nesten total mangel på arenaer og tiltak der ungdom (i starten av ein eventuell profesjonell karriere) kan få kvalifisere seg til inntak på dei etablerte kunstinstitusjonane. Opptak på slike institusjonar skjer med delvis bakgrunn i formelle eksamenspaper, men det vert lagt stor vekt ferdigheit. For å hjelpe ungdommen over inntaksterskelen er det viktig å etablere mange treningsarenaer på eit høgt fagleg nivå. Grunnlaget vil bli skapt i tilbod i den enkelte kommune, men når eleven er på eit visst fagnivå vil det vere avgjerande å kunne samle tilbodet for større regionar og helst på fylkesnivå. Det vil difor vere ei viktig fylkeskommunal oppgave å utvikle spleiselag for at unge talent skal kunne kvalifisere seg for høgere utdanning.

6. Nettverksbygging og nært samarbeid med aktørar på området.

TK har opp gjennom åra utvikla eit "arrangørnettverk". Nettverket har hatt ei svært uformell organisering og lite felles forpliktelsar. Det er viktig i den vidare organisasjonsgjennomgangen å sjå på kva for rolle desse heilt sentrale samarbeidspartane skal ha. I denne vurderinga bør ein sjå på ei sterkare formalisering av nettverket og kanskje også vurdere medeigarskap.

7. Opplæring og seminar for ulike aktørar

TK har opp gjennom åra hatt eit visst samarbeid med frivillige amatøraktørar i form av faglege seminar og samarbeid om forestillingar. For å vere med å skape arbeid til musikkutdanna aktørar i fylket vil det vere både naturleg og formålstenleg å vidareutvikle og utvide denne verksemda. Det er ein viktig rolle å utnytte behovet for tilby opplegg som kombinerar opplæringsoppgaver med utøvingsoppgaver. Dette er og eit viktig og godt etablert marknad for musikkutdanna.

8. Utvikle strategiar og opplegg for entreprenørskap på området.

Eit overordna mål er å utvikle arbeidsplassar for folk som ønskjer å leve av kunsten sin slik at dei kan bu og virke i Telemark. Dette bør ikkje berre gjelde dei som finn arbeidsplassen sin og har basis i offentleg tilrettelagde oppgaver, men like naturleg og viktig vil det vere å utvikle gode konsept for dei som ønskjer å opprette si eiga verksemd. Slike arbeidsplassar vil og ha eit langt større nedslagsfelt og kan operere over heile landet. Dette vil vere med å føre kompetanse og økonomi til vår region og bør difor vere ein del av den offentlege utviklingsstrategien.

9 Utvikle arenaer til framføring av musikk-/kunstuttrykk.

TK AS har gjennom dei siste 20 åra hatt eit nært samarbeid med lokale arrangørar og har i tillegg gjennomført konsertar i eigen regi både i barnehagar, skular, institusjoar og i offentlege og private kulturhus. TK AS sit difor med ein god oversikt over kvaliteten på framføringsarenaer over heile fylket og kan vere med og dokumentere manglar og behov for utbetringar. Det bør difor etablerast ein nær fagleg kontakt med fylkesadministrasjonen so frå januar 2010 får ansvaret for spelemidlar til bygging og utbetring av kulturarenaet i telemark.